



Geir Enes har med god hjelp gjort eit stort reparasjonsarbeid på Øyro Marina.

**Uveret Nina gjorde store skader på moloen til Øyro Marina, og den siste veka har det pågått eit stort reparasjonsarbeid. Under uveret var det grave under moloen. Særleg var det omfattende på dei ytste 40 metrane. Der vart det grave så mykje at betongplata knekka og seig. Svære steinar var også velta inn på moloen.**



Deler av plata måtte jekkast opp før det vart fylt under og støypt.(Foto: Geir Enes)



I ei veka tid har det no vorte jobba mykje med å få steinfyllinga på utsida på plass. Dei ytste 40 metrane av moloen der betongplata knekka og seig, er jekka opp. Langs heile den 100 m lange moloen er det forskala og støypt. Til no er det brukt 20 kubikk med betong. Det vert meir støypearbeid i veka som kjem. Dette skal hjelpe til å festa steinmassane mot nytt uver.

Geir Enes som eig Øyro Marina, har gjort arbeidet sjølv, og han fortel at han har hatt svært god hjelp av far og svigerfar. Han seier vidare at arbeidet har gått veldig greitt, og han er svært glad for det gode arbeidsveret dei har hatt. Skadane vert dekkja av Statens naturskadefond.

Enes fortel vidare at han også tidlegare i år har gjort ein god del vedlikehaldsarbeid på uteliggjarar og det elektriske anlegget. Gjestebryggene dei hadde tidlegare, er gjort om til 15 nye faste plassar i år. Dermed har ein no ikkje gjesteplasser, men kun faste plasser som vert leigt ut på årsbasis. Det er totalt 45 plasser i hamna, og det er no berre 2 båtplasser som er ledige. Ein stor del av båtplassene er leigt av folk som har hytte på Skorpo, og dei er her ofte.

Også på campingen er det svært godt belegg. Der er det no berre ein vognplass ledig.



Til no er det brukt 20 kubikk betong, og det vert meir.(Foto: Geir Enes) Tekst

og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Geir Enes og Thor Inge Døssland